



*Me ynskjer alle
våre lesarar ei
velsigna jul
og eit velsigna
godt nytt år.*


*No koma Guds englar
med helsing i sky,
Guds fred og velsigning
dei bjoda.*

*No stig ifrå jordi ein
helgasong ny, som skal
gjennom himmelen
ljoda:*

*Guds fred og vel møtt,
du barn som er født!
Vår fredsfyrste høgt
vere lova!*



Sei noko om Jesus!



Biskop Halvor Nordhaug. Foto: Bjørgvin bispedømekontor

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutsleig ringde svært sein i kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpeause, som sauver utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug

Min julesalme

Barnas Julesong kalla forfattaren Marie Wexelsen vår kjære julesalme: Jeg er saa glad hver Julekveld». Den stod som eit dikt fremst i ei lita bok med tittelen: «Ketil, en julegave for de smaa», som blei utgitt rett før jul i 1859. Diktet har lite med handlinga i boka å gjere - men var meint som ei ekstra julegåve til borna frå forfattaren.

Marie vaks opp på Sukkestad på Toten i ein søskenflokk på ni. Bror hennar beskriv heimen deira slik: «Det var intet rikt hjem på gods og gull, men et rikt hjem på kjærighet, på mild og faderlig omgjengelse». Og vidare skriv han: «Kristenlivet i mitt barndomshjem var så yndig menneskelig, at det ikke kunne ødelegge det livlige barnesinn med munterhet, lek og dans».

Når eg velger meg ein julesalme så må det bli denne - med så barnlig vinkling og så god beskriving, sett med barneauge, om kva jula er. For mi barndomsjul kan oppsummerast slik: Glede, forventning, varme og tryggleik.

Mamma elskar å pynte til jul, det var englar, julekrybbe og nissar i skjønn foreining. Men stjerna i toppen av treet var det viktigaste fekk vi høyre - den skal minne oss om det viktigaste med jula: at Jesus kom til oss med Lys og Fred. Og det var verkeleg lys i kvar ei krå heime hos oss - og medan mamma tente lysa sang ho verset: « Ho mor ho kveikjer alle ljós, dei skin i kvar ei krå. For heile verda, seier ho, skal jolestjerna sjå».



Djupt inni meg kjenner eg på den gode kjensla då vi nokre dagar etter julekvelden var på juletrefest. Gangen rundt juletreet, den vesle handa mi i pappa si store trygge hand, mamma heldt meg i den andre og så sang vi - Eg er så glad kvar julekveld - foreldra mine sin sang i øyrene og julekulene som glitra mot meg på treet - ein minneskatt eg Alltid ber med meg.

NOS.nr.51: T: Marie Wexelsen (1859), omsett til nyn.: Bernt Theodor Anker (1906)

Eg er så glad kvar jolekveld, for då vart Jesus fødd.

Då lyste stjerna som ei sol, og englar song so søtt.

*Det vesle barn i Betlehem, han var ein konge stor,
Som kom frå høge himmelborg ned til vår arme jord.*

*No bur han i sin himmelheim, han er Guds eigen son.
Men alltid minnest han dei små som bed med tru og von*

*Eg er så glad kvar jolekveld, då syng me Jesu pris,
Då lèt han opp for alle små sitt
vene paradis.*

*Ho mor, ho kveikjer alle ljós, dei
skin i kvar ei krå,
For heile verda, seier ho, skal
jolestjerna sjå.*

*Ho seier stjerna skin enno og
aldri slokna kan,
Og skin den stjerna på min veg,
då finn eg himlens land.*


*Ho seier alle englar syng enno
om fred på jord,
At himlen like open er, Guds
kjærleik like stor.*

*Å gjev eg kunne syngja så, då
vart visst Jesus glad,
For eg vart òg Guds kjære barn
ein gong i dåpens bad!*

*Eg er så glad kvar jolekveld, så
glad i Jesus Krist,
Og at han også elskar meg, det
veit eg sant og visst.*

Med Ynskje om ei Velsigna God og Barnsleg Julehøgtid.
Linda Ølmheim

Det skjer på



Kyrkje- og misjonsdag på Alværa 2023

Laurdag 7. januar vert det invitert til samling på Alværa kyrkje- og misjonssenter i samarbeid med NMSU.

Ungdommar i Det Norske Misjonsselskap er opptatt av klima og miljøkrisa, som er eit svært aktuelt tema for oss alle.

Korleis kan vi i vår kvardag vere med å arbeide for at skadeverknadene av overforbruket i kulturen vår kan verte mindre? Kva vil vere berekraftig livsstil framover?

Her kan ein komme med kreative innspel til inspirasjon for andre.

I NMS er det ei gruppe som kallar seg «grådighetsbekjempere».

Dei er opptekne av at grådigheit fører til overforbruk av naturressursar og difor er eit sentralt tema i kampen om klima og miljø.

Det er laga opplegg som vi vil nytte denne dagen. Vi byrjar kl. 10.30. Før det kan dei som ynskjer det få kaffi/rundstykke. Det blir som vanleg, mykje song og musikk frå ulike tradisjonar.

Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste v/Geir Sørebø.

Om ettermiddagen kan ein delta på årsmøte for NMS, Ytre Sogn område.

På grunn av måltida er det påmelding til Alværa tlf. 48990661.

Vel møtt frå både Hordaland og Sogn og Fjordane til ein spennande dag med aktuelt tema!

Områdeutvalet for NMS Ytre Sogn

Mariahelg

– Alværa misjonssenter, Lavik, 2023

Innimellan treng vi å få litt avstand til alle gjeremål i kvardagen.

Helga 3.-5. mars 2023 arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar på Alværa misjonssenter. Målet med Mariahelg er å senke skuldrane, finne kvile og mat for sjela. Her blir det både felles måltid, hyggeleg sosialt fellesskap med andre, og hove til å nyte den

fine naturen ved sjøen.

Tema for helga er ikkje avklart enda, meir informasjon om det kjem når programmet er klart.

Uansett – sett av helga no; 3.-5.mars.

Spørsmål om helga/program?
Ta kontakt med Hanne Bildøy
Tlf.: 996 10 528
e-post: hanne@bildoys.no



GAVEKONTO: 1594.22.87248

VIPPS valgfritt beløp til 2426

SMS GAVE til 2426 (250,-)

Innsetjingsgudsteneste

*Vi helsa vår nye sokneprest, Runar Matsui-Li,
velkommen til Hyllestad 28. august*

Ei fin gudsteneste, med presentasjon av årets konfirmantar – Og vår nye sokneprest! Eit varmt velkommen til Runar! Prost i Sunnfjord prosti, Knut Magne Nesse, hadde ei helsing til kyrkjelyden og las tilsetjingsbrevet frå biskopen i Bjørgvin.

Alltid spanande med ny prest; ein har vorte vane med den

førre og skal nok ein gong venja seg til ein annan prest. Mor mi har fortald meg om ei oppleveling frå då eg var liten, 4-5 år, eller noko slikt: Vi var til kyrkje i Ørsta på sunnmøre, der eg trødde mine 7 fyrste år, eg hadde for vane å sovne på mor eller far sitt fang under preika.

Denne sundagen var det ein vikar som hadde preika og eg

snur meg, noko irritert, av di eg ikkje fekk til å sova under preika og seier: «Dette e'kje min prest!».

..... Du kan ta det heilt med ro, Runar, eg har vakse det av meg no!;)..... ser fram til eit godt samarbeid og arbeidsfellesskap i åra som kjem.

Aslak



Prost i Sunnfjord prosti, Knut Magne Nesse



Vår nye sokneprest, Runar Matsui-Li



Her er årets konfirmantar. Fra v.: Malin Oppedal, Tarja Marie Milde, Marius Løvø Amundsen, Lene Marie Dale, Eileen Eimind-Thorsnes, Bendik Braastad Einen, Kristian Høyum Gudmundsos, Elias Horne, Aron Pedersen Johannessen, Brage Solberg Losnegård, Kevin Kristoffer Halnes Nødset, Stian Boge Skaar. Ronja Sofie Fanebust var ikkje tilstades då biletet vart teke.



Haustattakkefest

2. oktober feira vi haustattakkefest i Hyllestad kyrkje. Då hadde vi uttdeling av Mi kyrkjebok til 4- og 6 åringar. Borna kom inn i prosesjon med fruktkorger som symboliserer dei gode materielle gåvene Gud gir og vi takker for. Torsdag før Haustattakkefesten heldt Åshild Akse og sokneprest Runar samling for denne aldersgruppa.

Nyttårskonsert

3 vertskor; Vestavind, Skeivasskoret og Fjordklang, i samarbeid med Norges korforbund Sogn og Fjordane inviterer kor frå heile fylket til felles kyrkjeconserter til inntekt for eit veldedig føremål.

Alle kor i gamle Sogn og Fjordane, tilslutta Norges korforbund Sogn og Fjordane, får invitasjon til å delta. Dei vel fritt kva for ei kyrkje dei ynskjer syngja i. Fjordklang inviterer til konsert i
Hyllestad kyrkje, sundag 29. januar 2023, kl.16:00.

Det er 7. året, at Norges korforbund Sogn og Fjordane arrangerer slike konserter. Vertskor-rolla går på rundgang og sist gang det var i Hyllestad, var i 2017. Alt overskot frå billettsal går i år til Redningsselskapet i Sogn og Fjordane.

So vel møtt til ein flott konsert!



Konfirmantfestival

I over 20 år har konfirmanter i Hyllestad, Høyanger og hele Sunnfjord gledet seg til nattcup siste helga i oktober. I år begynte vi med konfirmantfestival.

Hensikten er som tidligere å føre konfirmanter fra ulike menigheter til et felles arrangement og fellesskap i konfirmasjonstiden. Festivalen er et samarbeidsprosjekt med kirkene, bispedømmet og KFUK/KFUM. I år var vi 430 konfirmanter sammen til musikk, dans, Globalløp og aktiviteter i Gularhallen på Sande.

Våre konfirmanter meldte seg på innebandy-cupen. Dessverre kom de ikke med til sluttspillet, men de kommer kanskje tilbake sterkere neste år. Det er ikke kjekt å ikke komme med i sluttspillet. Det er en god holdning når det gjelder konkurranser mener nå jeg.

Evalueringen på neste konfirmantsamling var reservert, og noen reiste da litt tidlig heim fra festivalen.

Alle sov godt påfølgende natt. Noen positive konfirmanter mente maten var det beste med arrangementet. Presten savner ikke nattarrangementet «NattCupen» som jo minner han om en langtekkelig interkontinental flyreise. For konfirmantenes del er en god fotballcup kjent aktivitet og lett å like. Den nye festivalen hadde mye nytt og ukjent for de unge, så vi prester har en jobb å gjøre med å gi den nye storsatsingen noen flere kjente elementer for tenåringene våre.

Hilsen Runar prest



The show in progress



Brage gikk sponsorløpet i småregn.



Silje og Laura fra Lavik.



Selfie



8

På innebandybana

BaseCamp



For sjuande gong vart ungdomsleiren Base Camp arrangert i Hyllestad i haust. Inn på 100 ungdommar deltok, og dei kom mellom anna frå, Bergen, Askøy, Lindås, Gulen, Høyanger og Hyllestad. Når ein samlar 100 ungdommar i alderen +13 år, frå fredag til sundag, så må ein vere forberedt på lite søvn og mange flotte opplevingar.

Base Camp har no gått seg til, der ungdommen planlegg og styrer, medan vi litt meir vaksne syter for mat, praktisk hjelp og økonomisk sikkerheit.

I år som i fjor var Mari leirsjef, med eit handplukka team rundt seg til å fordele ulike oppgåver. Ungdommane startar planlegginga av ny leir alt tidleg på året, dei driv ei imponerande organisering med inndeling i ulike team med ulike ansvar for helga, og set opp grupper med eldre ungdom som leiar i kvar gruppe, slik at alle som er med på leiren har ein fast kontaktperson som føl med dei og deira gruppe heile helga. Ingenting er tilfeldig, svært god planlegging, mykje basert på tidlegare erfaringar. Har sagt det før, men det er eit privilegie å sjå korleis desse ungdommane veks i klokskap, og utviklar leiareigenskapar år for år.



Som del av denne «rapporten» frå BC2022 har eg lyst dele eit bønnebrev som ungdommane utarbeidde, og sende ut i forkant av BC. Synest dette på ein god måte belyser kva ein eigentleg ynskjer få til ved å arrangere BC kvart år.

Nytt av året var jo at vi denne gongen ikkje brukte kyrkjå på Hyllestad som arena, men vi leigde Hyllestadhallen i tillegg til skulen. Dette fungerte kjempeflott, det vart meir komprimert, ungdommane overnatta på skulen. Vi delte hallen i 3-deler, hadde aktivitetar i del-1, møter og samlingar i del-2 og mat i del-3.

Ynskjer her å rette stor takk til Hyllestad kommune og Hyllestad skule, for at vi alltid vert møtt positivt når vi kjem og spør om leige av bygg og utstyr til Base Camp helg.

Og ikkje minst må vi takke alle som stiller opp med mat, hjelper til under arrangement, ryddar og vaskar, og stiller opp som nattevakter, med tilrigging og nedrigging av utstyr. Utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere på ein slik god måte som Base Camp i Hyllestad er blitt.

Men den største takken går til våre fantastiske vaksne ungdommar, med leiar Mari Dale Salbu i spissen, for deira store innsats og for deira positive entusiasme og glede, anten dei er oppvaksne i Hyllestad, Askøy, eller andre stader.

Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er noko mange ungdommar gler seg til kvart år, og kvart år er det nye ungdommar som kjem til. Dei som kjem knyter også nye vennskap, og for nokre av dei blir denne helga starten på

BØNNEBREV
BASECAMP 2022

VER GJERNE MED Å BE OM AT

- GUD SKAL SKAPE NYSJERRIGHET OG ÅPNE HJERTER. UNGDOMMANE SIN LENSEL ETTER SANNING, SVAR OG EIT PERSONLEG MØTE MED GUD SKAL BLI STØRRE.
- BÅDE UNGDOMMAR, FRIVILLIGE VAKSNE OG ANDRE SOM KJEM INNOM I LØPET AV HELGA SKAL FÅ EIT (OG KANSKJE SITT FØRSTE!!) PERONLEGE MØTE MED GUD
- ÅRETS TEMA: "KVIFOR DET" SKAL VERE MED Å ÅPENBARE SANNINGAR TIL KVAR ENKELT, OG AT UNGDOMMANE SKAL FÅ SVAR PÅ SPØRSMÅLA DEI HAR IFT DEN KRISTNE TRUA
- KVAR ENKELT UNGDOM SKAL BLI SETT, HEIA PÅ, OG FÅ OPPLEVE DEN GODE ATMOSFÆRA I EIT KRISTENT FELLESSKAP
- MOTIVASJON, GLEDE, PÅFILL OG KREATIVITET TIL MEDARBEIDERANE, OG AT KVAR ENKELT FÅR KJENNE AT EIN ER MED PÅ NOKO STØRRE. KVAR ENKELT SOM ENGASJERA SEG SKAL SJØLV FÅ OPPLEVE AT GUD SNAKKAR TIL OG BRUKAR DEI, OG GJEV PÅFILL FOR Å DELE VIDARE TIL ANDRE
- OPPFØLGINGA SKAL BLI GJORT PÅ EIN GOD MÅTE VI HÅPAR OG BER AT UNGDOMMANE SOM TEK VAL I LØPET AV HELGA SKAL FÅ EIT GODT FELLESSKAP I SITT NÆROMRÅDE Å VERE EIN DEL AV RESTEN AV ÅRET, OG AT BASECAMP BERRE ER STARTEN
- UNGDOMSARBEID OG ANDRE KRISTNE FELLESSKAP PÅ VESTLANDET SKAL BLOMSTRE, OG VERE KLAR FOR Å TA I MOT UNGDOMMAR SETT I BRANN FOR NOKO STØRRE ENN SEG SJØLV!

ei heilt ny og betre retning i liva deira, medan andre igjen friskar opp tidlegare vennskap og hentar på nytt styrke i fellesskapet.

Takk for vel gjennomført Base Camp 2022 og vel møtt til Base Camp nr. 8 i rekka hausten 2023.

**Helsing Kirsten
og Jostein Ryland**



Kyrkjelydsbasaren 2022

Sundag 30.oktober var det på ny den årlege kyrkjelydsbasaren.

Hyllestad kyrkje var fullsett, med litt over 100 personar sessa kring småbord, denne dagen. Vanen tru, var det ein kort andakt til opning før ein gjekk over til rein basar. Songgruppa Moreld gledde oss med flott song.

Etter kvart som åresalet kom i gong, vart det eit yrande liv med god drøs kring borda. Mange flotte vinstar.

Takk til soknerådet og ei ekstra takk til basarnemnda og alle dei som stilte opp, for flott tilrettelegging og ein formidabel innsats. Takk og til konfirmantane som tradisjonen tru, er sterkt medverkande under heile basaren! Flotte og nyttige vinstar og god kaffimat. Totalt kom det inn heile **kr 78.563,-** på basaren. *Kjempesum!*

Jostein Ryland hadde ein solid gjennomgang av alt barne og ungdomsarbeidet som er i kyrkja i Hyllestad, jammen er der mykje aktivitet! Inntekta frå basaren går til å驱ra nett dette arbeidet. Flott at dette vart sett ord på og på ein måte som engasjerer. «Hausten er stor, men arbeidarane er få!» Difor vonar vi kvar einskild tenkjer gjennom fylgjande – kan eg bidra/hjelpe til med noko av dette?:

Trusopplæring i Hyllestad framover – Vi treng hjelpe til gjennomføring av tiltak
Stillinga som trusopplærar/ kyrkjelydspedagog har vore lyst ut, men ingen viste interesse for stillinga.



Tiltak som soknerådet har utfordring med å gjennomføre er mellom anna:

Hausten:

- 4-årssamling i september i forkant av hausttakkefesten
- 6-årssamling i okt/nov før familiegudsteneste
- Myldresamling: 2- og 3-åringar – sept/okt og 2 til 6 år – nov/des
- Kyrkjerottesamling: for 5-årinar, 2 eventuelt 3 samlingar – okt/nov
- LysVaken: november 2022, 6.-7. trinn, annakvart år

Vinter/vår

- Tårnagenthelg: 3.-4. klasse – jan/febr
- Minikonfirmantar: 5. klasse, 4-5 samlingar rett etter skuletid
- Myldresamling: førskuleborn – 1 onsdag i mnd

Kan du hjelpe oss med eitt eller fleire tiltak?

Interkulturell kafè



Då var den andre interkulturelle kafeen i kyrkja vel i hamn. "Kjekk, koseleg, travel og høglydt samling", var det ei som skreiv på messengergruppa til arrangørane.

Minst 8 nasjonar var representerte og noko over 50 menneske kom i dag... denne gongen veldig mange barn i forskjellig alder (ikkje lett å telje, av di det til tider gjekk fort for seg). Det såg iallfall ut til at små og store treivst.

Takk til alle som baka, og nokre kom og ubedd med gode kaker. Vår blide songfugl, konfirmant Malin Oppedal song "Smilet i ditt eige speil". Kjekt.

Det kan vere at det blir litt program for borna neste gong, som er oppsett laurdag 21. Januar 2023.

Følg med og hjarteleg velkommen!



Støtt kyrkja på Cuba

Tekst og bilete benta frå kyrkja.no/bjorgvin

Bakgrunn

Bispedømerådet gjorde 1.juni 2021 vedtak om å gå inn i eit venskaps-samarbeid med den lutherske kyrkja Iglesia Evangelica Unida (IEU) på Cuba, saman med Normisjon som har samarbeidd med den kyrkja i over 20 år. Avtalen er i fyrste omgang for fem år.

I oktober 2021 gav bispedømerådet ei startgåve på 150.000 kroner.

- 30.000 bruktil del av **medisinsk hjipesending** på 1.6 tonn
- 42.000 bruktil støtte **løner** etc i perioden oktober-desember
- Noko går til **kyrkjelyds-planting** i bydel i Havanna

I tillegg har det kome inn vel 30.000 kroner i einskildgåver etter at prosjektet vart presentert på Stiftsmøtet i november 2021, og vel fire tusen kroner i kyrkjoffer. Det er viktig å støtte prosjekt som kan skape framtidige inntekter lokalt, t.d. kyrkjelydsbarnehagar. Det er mange initiativ i kyrkja.

På heimesida til Bjørgvin bispedøme og på Normisjon kan du finne meir informasjon om situasjonen på Cuba og venskaps-samarbeidet med kyrkja der.

Kva rekk kronene til?

• 100 dollar (ca 1000 kr) er p astorløn i ein månad. Ti personar som gjev 100 kr/mnd finansierer løn til ein pastor eller diakon i venskapskyrkja vår. Bli med på det!

• I 2022 har mange kyrkjelydar hatt kyrkjoffer til Cuba-prosjektet. Fleire har òg gjeve avskilsgåve til biskop Halvor Nordhaug til dette føremålet, slik han ynskte.

• Bispedømet og Normisjon kjøper inn mat, hygieneartiklar for 150-200.000 kroner og sender i ei hjipesending i desember i år,



Søndagsskuleelevar i den lutherske kyrja i Guantánamo.
Foto: Alfredo Rasua/Normisjon

saman med brukte klede/syklar/ symaskinar og andre ting ein ikkje får tak i på Cuba. Den norske ambassaden i Havanna betaler leige av containeren og sjøfrakt til Cuba, slik at pengane vi samla inn, gjekk til innhaldet i sendinga.

- Normisjon sender óg ein container med om lag 8 tonn med medisinlar og medisinsk utstyr til Cuba no i desember. Det går til sjukehus og helsevesenet i dei 5 austlege provinsane på Cuba, der det bur ca 4 millionar menneske. Den lutherske kyrka har hovudsetet i Santiago de Cuba som er senter i ein av desse provinsane.

Rådgjevar diakoni og samfunn (vikar)
Kjell Ove Hatlem




Kjell Ove Hatlem,
frå Hyllestad, har vore 30 gonger
på Cuba, seinast 2 gonger i år.

No er Kjell Ove tilsett i eit vikariat på bispedømmekontoret der han koordinerer venskapssamarbeidet med den lutherske kyrkja på Cuba.

Studietur til Irland og Nord-Irland

Juni 2022



Book of Kells, Long Room

I mars 2020, nett då nedstenginga kom, hadde eg billettar og reiseprogram klart for å dra over til Irland. Me veit kva som skjedde. Alt vart sett på vent. Heldigvis kom det nye sjansar dette året, og då med Fotefar Temareise, lokalisert her i Sogn.

Etter kvart har vel Kystpilegrimsleia med dei 26 nøkkelstadane frå Egersund til Trondheim blitt meir kjente, etter opninga på Selja i 2018. Kvernsteinsparken i Hyllestad i Ytre Sogn er nøkkelstad nr.12. Dette avdi her vart dei fleste av steinkrossane som står ved norskekysten hogne. (Dei fem

største er den på Kvitsøy i Rogaland, Gard ved Haugesund 2 i Eivindvik i Sogn; Gulatingset og ein ved Korssund i Fjaler).

Harald Olsen som har skrive mykje om «Arven frå vest» sa på Pilgrimskonferansen i Selje i 2010: «Det tydeligste tegnet på vår plass i det tidlige nordatlantiske kulturfellesskapet, er vel steinkorsene på Vestlandet»

På den veke lange reisa eg fekk i juni saman med 46 andre deltakarar, fekk me ulike glimt og innsyn i arven frå vest. Samstundes var dette ei allmenn reise, som hadde stor spennvidde, frå besøk på

Titanic-museet i Belfast og tur til naturfenomenet Giant Causeway på nordkysten, til Riverdance-framsyning og innsyn i konflikten mellom protestantar og katolikkar i Derry (Londonderry) og Belfast.

For å avgrense inntrykka mine frå turen i denne samanhengen, vil eg nemne tre gode minne å ha med vidare:

- Me fekk sjå den som er rekna for det aller vakraste i landet: Muiredachkorset. Det er ikkje den eldste, men truleg frå 9.århundre, og er laga av sandstein. Den er 5,8m høg! Det spesielle ved dei irlske



Muiredachkorset



Book of Kells, manuskript



høgkrossane er at dei er så rikt utsmykka, med bibelske motiv både frå Det gamle og Det nye testamentet. Klosterområde det står i heiter Monasterboice, alt frå 400-talet, og me vandra i dei historiske ruinane av tidleg kristen busetjing, nord for Drogheda, på veg mot Belfast.

- Book of Kells på Trinity College i Dublin er viktig å få med. Det speglar «gullalderen» i Irland med kopiering av verdfull litteratur, handverkskultur, evangeliebok på kalveskinn. Me snakkar om 600- 800-talet; vakre bibelmanuskript: “Så vakkert at det må ha vore gjort av englar”, vart det sagt. Dette var ein stad med mykje folk, ikkje minst unge. “Turning darkness into light” var dei tankevekkande orda me kunne lese før me gjekk inn i den 65 meter lange salen med boksamlingar. Det imponerer; noko av det største i verda.

- I småbyen Derry; der me fekk innføring i religionskonflikten «The Troubles» like til vår tid, var der mykje å sjå..

Noko som ikkje var innlagt i turprogrammet vårt, men som eg fann fram til på eiga hand, var St. Columbas Church og St. Columbas Heritage Centre. Om eg gjekk i kø på “Book of Kells”, der tusenvis dagleg fann vegen, var eg der nord ei tid heilt åleine!! Skuleklassar finn vegen dit, for å lære meir om han som har gjeve skulen namn. På brosjyra til Heritage Centre. står det: “The Hidden Gem” - den skjulte perla. Det stemmer godt! Her vart det fortalt om vegen frå Derry til Iona, på den skotske vestkysten. Dit flytta St. Columba, faktisk etter ei usemjø (helgenar kan og vere usamde!). Der grunnla han i 563 eit kloster, som skulle bli ei av dei viktigaste lærdomsstadane og senter for spreiing av kristen tru og keltisk spiritualitet i heile det nordlege Atlanterhav-området. Det har blitt ein stad der mange har reist på pilegrimstur og funne ro og stille, og er framleis aktuell.

Neste gong må turen gå dit, tenkjer eg.
I alle høve: Takk til PF og Bjørgvin bispedømeråd som

gav meg studiemidlar til denne reisa.

Nett no er eg blitt AFP-pensjonist, og ynskjer å arbeide vidare med arven frå steinkrossane på Vestlandet og vår tidlege kristne historie. Kystpilegrimsleia ligg der med opplevelingar «som perler på ei snor» og formidlar vår rike arv. Her er mykje å ta med vidare inn i vår tid. Kanskje me kan bruke formuleringa frå «Book of Kells» - “Turning darkness into light”!

Audun Systad



St. Colomba, logo

Ljosmesse 1. sundag i Advent



Tarja Marie Milde, Lene Marie Dale og Malin Oppedal, gav oss eit flott songinnslag

Tradisjonen tru, hadde konfirmantane eit flott opplegg for ljosmassa i år og. Flott og stemningsfull inngang, med ljos-stavar i hand kom dei på rad og rekje opp midtgangen med song. Prosesjonen enda framme i koret, der dei vende eg mot kyrkjelyden og heldt ljos-stavane opp og fram som skinnande krossar. Konfirmantane hadde mykje av liturgien, med lesingar, bøner, song og ljostenning. Under siste songen, «Tenn lys», tende samtlege konfirmantar kvar sitt ljos og stilte seg opp i koret, før dei til slutt, etter velsigninga, gjekk i prosesjon ut og stilte seg opp i kyrkjetrappa som ei ljosborg for heile kyrkjelyden. Vakkert og stemningsfullt.





Kven skal styre kyrkja i Hyllestad i neste soknerådsperiode?

Kyrkjevalet 2023

**Fire år går fort og nytt
soknerådsval er 11.**

september 2023.

Kyrkjeval skjer kvart fjerde år samtidig med kommune- og fylkestingsvalet.

Soknerådet er valstyret i soknet og har ansvar for å førebu og leie valet.

I Hyllestad har vi ei opa inkluderande folkekirkje med rom for alle. Den lokale kyrkja i Hyllestad treng framleis interesserte og aktive medlemer i soknerådet. Representasjon frå alle delar av soknet er viktig.

Medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2023 fyller 18 år, kan stå på soknerådet si valliste. Du må gjerne føreslå deg sjølv og/eller peike på andre som kan spørjast om å inneha det viktige vervet. Soknerådsvalet er eit demokratisk val der du vel kven som skal styre di lokale kyrkje dei neste fire åra.

Fristen for å ha klar kandidatlista til valet er 31 mars 2023. Tida går fort og vi ønskjer ikkje vere ute i siste liten.

Forslag til kandidatar til soknerådet kan, innan 15. mars, meldast til nominasjonskomiteen i Hyllestad sokneråd ved soknerådsleiar Linda Ølmheim tlf. 97620937

Ansvarsområde

– Kva gjer soknerådet

Hyllestad sokn sin årsrapport speglar hovudaktiviteten til den lokale kyrkja i Hyllestad. Årsrapporten for 2021 finn du på Hyllestad sokn si heimeside www.Hyllestad.kyrkja.no.

Her finn du og tidlegare utgåver av Kyrkjebladet der du kan lese om aktivitetene i soknet.

I Hyllestad har kyrkja berre eitt råd, sidan kommunen berre har eitt sokn. Hyllestad sokneråd har difor ansvar både for soknerådsoppgåver og for dei oppgåvene som i kommunar med fleire sokn, ligg til kyrkjeleg fellesråd. Soknerådet leier verksemda i kyrkje-lyden. Som medlem i soknerådet har du innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja i Hyllestad. Arbeidet i soknet spenner over mange tema og ansvarsområde.

Soknerådsoppgåver: gudsteneste, offertildeling, song og musikk, misjon, dåpsopplæring, barne- og ungdomsarbeid, samarbeid med frivillige.

Fellesrådsoppgåver: miljø og rettferd, tilsetjing og arbeidsgjevaransvar, administrasjon og økonomi, drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar. Listene er ikkje uttømmande.

Soknerådet møtest 6-7 gonger i året, på ettermiddag/kveldstid. Arbeidsmengda er overkommeleg.

Vallister

Soknerådet har 6 faste leke medlemer og skal ha minst 4 varamedlemer. Ei valliste skal setjast opp i prioritert rekkefølgje (ikkje alfabetisk). Vallista bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år. Soknepresten er fast medlem av rådet. Når rådet handsamar saker som tidlegare vart handsama av kyrkjeleg fellesråd, møter ein representant valt av kommunen.

Dei fleste sakene som vert handsama i soknerådet er saksførebudde på førehand med framlegg til vedtak. Innkalling med saksvedlegg vert sendt ut på e-post om lag ei veke før møtet.

På heimesida til Den norske kyrkja kan du lese meir om dei kyrkjelege vala. Samstundes med soknerådsvalet er det og val til Bispedømerådet og Kyrkjerådet. www.kirken.no/valg/

vil du ha eit godt råd?

Dersom du er oppteken av gudstenester,
musikk, misjon eller barne- og ungdomsarbeid,
still til soknerådsval.

Vil du ha eit anna godt råd? Dersom
du er oppteken av miljø og rettferd,
jus eller økonomiforvalting,
still til soknerådsval.

Uansett kva du meiner er eit godt
sokneråd, bli med å bestemme kva
som skal skje i kyrkja der du bur.

Still til val.

kyrkjevalet.no



DEN NORSKE KYRKJA



Flott orgelkonsert i Hyllestad kyrkje

Eit hjartans TAKK til organist i Høyanger,
Gerda Otterstein, som heldt ein flott,
stemningsfull orgelkonsert i Hyllestad kyrkje
fredag 18.november. Her var det høve til å
setja seg roleg ned, lytta, ta i mot, reflektera,
tenna ljós og berre få påfyll av ro i sjela.

Eit rikt program med musikk av
H. Scheidemann, J. P. Sweelinck, H. Praetorius,
M. Schildt og Geneve salmar av C. Goudimel.
Gerda song og nokre salmar med ei god røyst
som høvde godt til desse salmane og orglet.
Ikkje so mange som hadde funne vegen til
kyrkja denne kvelden, men det vart ei fin
stund for oss som var der.



Min jul

– min første jul i et fremmed land



Kyotostasjon

Da jeg skulle feire jul uten min familie første gang var gode råd dyre, eller? Nei, det var de ikke. Utfordringen var: Hva gjør jeg nå? Hvordan skape sin egen julefeiring? Jeg vil skrive om min første grisesylte.

Noen måneder tidligere hadde jeg reist til Japan som misjonær. Den første oppgaven jeg fikk var å lære meg språket og i to år pugget jeg kinesiske tegn og japanske setninger i Kobe by. Så ble det veldig fort jul, det var det ikke vanskelig å legge merke til. Allerede i oktober var de første teggene der, og da det ble desember begynte Sissel å synge «glade jul» over høyttaleranlegget på Umeda jernbanestasjon i Osaka. Hva gjør jeg med julafoten? Viste du at norske misjonærer i Japan har fri julafoten? Fordi kirken

vår ikke feirer julafoten og heller ikke 1. juledag hvis det ikke er en søndag.

Jeg var singel i 1993, men ikke alene, og ikke alene norsk heller. I Kobe var vi mange nordmenn, og mange bodde der fra andre nasjoner også. Det var ikke vanskelig å få tak i julemat i internasjonale butikker, men ribbe og surkål? «Surkål» var ikke noe problem. Karve og kål og Den rutete kokeboken: Voilà! Kjøttkaker, ertestuing og surkål, you name it! Svineribbe fikk jeg tak i også. Den var riktignok uten svor og ben, men godkjent! Men jeg skulle lage julesylte av et grisehode slik det var i min barndoms jul! Mannen i kjøttbutikken ristet på hodet. «vi selger ikke grisehoder!» Der fikk jeg den. Jeg tenkte så det

knaket og så kom jeg på en god ide; China Town! Etter en uke i bestilling syklet jeg ned for å hente grisehodet som var blitt sendt opp fra Okinawa og julesylta ble en suksess! Historien ble en suksess på språkskolen også. Så godt jeg kunne på et haltende japansk beskrev jeg sykkelturen opp fra Kobe China Town med grisehode på bagasjebrettet. Plukking av svor og kjøtt, pressing mm. De japanske språklærerne var henrykt over historien og glemte å kommentere mine språkfeil.

Jeg har feiret jul 5 ganger på Madagaskar, 13 ganger i Japan, og 10 julefeiringer i Sogn. Grisesylta ble en engangshendelse. Svineribbe med surkål holder derimot stand. **God jul!**



Litt info om gravplassar

Eg får, forståeleg nok, stadig spørsmål om kvifor eg går med metalldetektor på gravplassane.

Kort fortald, er det for å lokalisere og grave fram fastmerka som vi har på gravplassane våre. Desse har eit lag til å forsvinne ned i torva gjennom sumaren. Der er eit fastmerke i kvar ende av ei gravrekke. Dette er det viktigaste hjelpebidlet vi har for å ha oversikt over gravplassen. Desse merka vart sett ned i 1989-1990. Kvar haust har eg ein runde på alle tre gravplassane for å grava dei fram og setja ei brøytestikke i dei fleste merka. Dette er til stor hjelp for å ha kontroll ved gravlegging gjennom vinteren, når det ligg snø, eller når det er frost.

Ikkje plast på gravplassen

Plast i naturen er eitt av vår tids store miljøproblem. Alle vert vi oppmoda om å gjere det vi kan for å bøte på stoda. Også vi som kyrkje må gjere vårt. Det går på mellom anna innkjøp og forbruk.

Noko soknerådet ikkje kan ta ansvar for, men gjerne vil appellere om hjelp til frå dykk alle, er å velje gode

miljøløysingar når de pyntar gravene til nære og kjære. Alle er vi glade for at det er velstelt og opplyst på gravplassen. Tradisjonen med lystenning er fin og ekte, men det er ikkje likegyldig kva lys du vel.

Mange av dykk har byrja nytta batterilys, i staden for voksllys. Det er vi svært takksame for. Batterilysa er mykje tryggare med tanke på brannfaren, men dei er og betre for miljøet – om vi gjer det på rette måten; Batterilysa har anten sensor, eller tidsur, - vanlegvis. Batteriet har si levetid, men det er enkelt å opna på undersida og skifta batteri. Reine plastløysingar og gravlys med metalllok, er ikkje bra for miljøet og vi må be om at det IKKJE blir brukt heretter. Bruk i staden lykter som varer, t.d. i metall, og som ikkje let seg lett flytte på.

Fuglar, særleg kråke og skjor, men også måsen, hakkar hol i plasten for å få tak i talg/stearin. Fuglane løfter også dei lettaste gravlysa og slepper dei ned for at dei skal bli knuste slik at dei får tak i innmaten. Dette kan gjere skade på det dei treffer, i tillegg til å vere eit miljøproblem. Lette ledlys gir

same problemet.

Fuglane spreier metalloka og plasten utover store område. Plast som ligg ute i naturen forvitrar. Det er også grelle eksempel på at både plast, glas og metall er kome i dyrefor og vore årsak til liding og daude.

Brukte gravlys må plasserast i restavfall. Men ver klar over at ledlys inneholder tungmetall som er elektronisk spesialavfall og ikkje skal i restavfallet. Det må de kaste som spesialavfall i butikkane eller på ein av SUM sine stasjonar.

Vi ber deg om å ta miljøomsyn også ved andre ting du bruker som gravpynt.



Vi finn stadig voksllys som ligg og sleng utover heile gravplassen, med tydelege merke etter fugl.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe døkk som parorande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.



Blomsterterget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01

ÅM SOGNES

BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no



Improving life at sea

Kyrkjekontoret formidlar sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølv.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkjekontoret har katalogar som du kan låne. Du kan også besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/> For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikehald.

Kontakt: **Aslak Åm Sognes tlf. 975 83 290**




SPAR 
Hyllestad
ÅPEN 09-20 (18)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektrikar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere **din bustaddraum!**

Vi tilbyr:

- Hus og hytter frå Norgeshus
- Eigen prosjekteringsteneste
- Byggeleiing og prosjektleiing

6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no



Velkommen til kyrkje

Dette er gjeldande gudstenesteplan, men her kan koma endringar.
Fylg difor med på kyrkja i Hyllestad si facebook-side og i lokalavisa.

Vi vil og freiste halda heimesida, www.hyllestad.kyrkja.no,
so oppdatert som råd er.

08.01:	Øn kyrkje	kl. 11:00	Kristi openberringsdag
22.01:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Tårnagent/bibelutdeling (kafe lø)
05.02:	Øn kyrkje	kl. 11:00	5.sio
12.02:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	6.sio
26.02:	Bø kyrkje	kl. 11:00	Kristi forklaringsdag
05.03:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Fastelavn
19.03:	Hyllestad kyrkje	kl. 18:00	2sif, Samtalegudsteneste
26.03:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	3sif, (avsl minikonf.)
06.04:	Hyllestad kyrkje	kl. 18:00	Skjærtorsdag, påskemåltid
07.04:	Øn kyrkje	kl. 11:00	Langfredag, Pasjonsgudsteneste
09.04:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Påskedag, høgtidsgudsteneste
10.04:	Eiklund	kl. 11:30	2. påskedag
23.04:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	3.sip
29.04:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Konfirmasjon
13.05:	Bø kyrkje	kl. 11:00	Konfirmasjon
17.05:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:30	Nasjonaldag
21.05:	Bø kyrkje	kl. 11:00	sfpinse
28.05:	Hyllestad	kl. 11:00	Høgtidsgudsteneste
04.06:	Øn kapell	kl. 16:00	Treeiningsdag, tur fra Skor til Øn
11.06:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	2sit
18.06:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	3sit, Kvernsteinsparken

Glede og sorg

DØYPTE

Hyllestad:

Oliver Kvamme Hatlem
Emilie Kvellestad Ekreskar

Øn:

Olivia Huseklepp Hatlem

DØDE

Hy:

Annfrid Risnes f.1934
Svein Olav Hansen f.1937
Arvid Skogly f.1941

Øn:

Anita Ekreskar f.1965
Målfrid Torvund f.1941
Wenche Hildur Hansen f.1934
Norodd Petter Eide f.1949

Bø:

Marit Irene Wolff f.1934

INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

Faste medlemer:

Linda Ølmheim
Reidun Skår
Steinar Urnes
Anny Dale Fureli
Liv Synnøve Andersen
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid onsdag kl 10.00–15.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjá: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungdomsarbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Kyrkjekontoret har fast kontordag onsdag.

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjesesekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Runar Matsui-Li

E-post: runar.li@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 48 89 00 86

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse – Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad – Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog: LEDIG 25% STILLING

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Linda Ølmheim - Mobiltelefon: 976 20 937

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes, Runar Matsui-Li, Audun Systad og Linda Ølmheim

Trykk: Printfarm AS

Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne



Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på

tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye gravminne frå Nergård Steinindustri.